

Framlegg: Tabell alle søknadar tilrådd avslag HNV 2021 utlysing 15.oktober

| Prosjektnamn | Søker | Søkt om | Kort samendrag av søknaden | Panelet si vurdering | Administrativ vurdering |
|--|-----------------------|---------|--|--|--|
| For-prosjekt Tidlegfasefondet Vestland | Connect Vest Norge | 700 000 | Forprosjekt for å kartlegge og validere behov og interessen for å investere i et tidligfasefond hos viktige interessenter som private enkeltinvestorer, eksisterende fond, Investinor og VLFK. Begrunnelse: Uten nok tidligfasekapital i regionen mister vi den viktige etablerings og tidlig-vekst-fasen til Oslo, Stockholm, London eller andre steder. Vi må jobbe hardere for å beholde de gode gründerne i regionen så lenge som mulig. Uten nok risikokapital vil regionen tape. | Prosjektet vil svare på hypotesen at det er mogleg å finne investorar til eit fond som støttar tidlegfaseinitiativ med risikokapital. Connect Vest er ein kompetent aktør som har truverd til å gjennomføre eit slikt prosjekt. Søknaden er i mindre grad innretta mot innsatsområda til ordninga og målsettingane er noko uklart formulert. Panelet vurderer at prosjektet ikkje har djup forankring i målgruppefonda. Dette er eit forprosjekt til å opprette eit fond, og i mindre grad eit utviklingsprosjekt. | Søknaden svarar mindre godt på søknaden. Den har fleire, vesentlege, manglar |
| Søknad om tilskot til finansiering av tidlegfase-arbeidet i prosjektet "NOMIL biogass" | Nordfjord Miljøverk | 200 000 | Prosjektet "NOMIL biogass" er Nordfjorderrådet og Nordfjord Miljøverk (NOMIL) si satsing på å etablere anlegg for produksjon av biogass i Sogn og Fjordane-regionen av Vestland. Prosjektet er under utvikling og skal no inn i den avgjerande siste fase av tidlegfase-arbeidet. Denne fasen er avgjerande for realisering av prosjektet. NOMIL dekkjer kommunane Stad, Gloppen, Stryn, Bremanger og Kinn. | Panelet vurderer at dette biogassinitiativet har gode føresetnader for drift og at eit biogassanlegget vil legge til rette for bedriftsetablering ved industriell symbiose og sirkulær forretningsmodell. Søknaden er godt formulert og det går godt fram korleis prosjektet skal nå måla om å greie ut for eigarstruktur og organisering. Panelet vurderer at konkretisering av eigarskapsstruktur og organisering vil vere viktig for realisering. Det er store aktørar involvert med prosjektet, som vil ta del i verdiskapinga ved realisering. Panelet er derfro ikkje overtydd om at stønad frå HNV vil vere utsløysande for realisering. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |
| Forstudie grønn led fra Bergen til Bjørnafjorden | Bjørnafjorden kommune | 250 000 | I forbindelse med en eventuell etablering av en grønn led mellom Bergen og Bjørnafjorden ønsker vi å søke om støtte til et forprosjekt. Hovedprosjektet skal etablere infrastrukturen for en grønn led mellom Bergen og Bjørnafjorden. Infrastrukturen skal være både fysisk og digital slik at utnyttelsesgraden blir optimal. Den fysiske delen vil bestå av strategisk utplasserte ladepunkter som skal gjøre det mulig å reise med elbåt mellom kommunene. | Det er trong for ladeinfrastruktur for å gjere utsleppsfri båtkøyring mellom kommunar mogleg. Prosjektet treff innsatsområda energi og grønn konkurransekraft i nokon grad. Ideen er nokså moden og det er derfor spørsmål om det er behov for et forprosjekt. Det er og andre aktørar som er i gang med å bygge ut slik ladeinfrastruktur der forretningsmodell for utbygging allereie er avklart. Likevel, båtlading er noko nytt som få har erfaring med. Bransjen som heilskap vil ha nytte av lærdommen som kjem av dette forprosjektet. Søknaden skisserer aktivitetar som forundersøkingar, utarbeiding av anbudsunderlag og utbygging av fysisk og digital infrastruktur. Prosjektet skal startast opp ved eventuelt tilsagn frå Miljødirektoratet si klimasatsordning. Panelet vurderer derfor at risiko for at prosjektet ikkje kan realiserast er stor. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |

| | | | | | |
|--|----------------------------|-----------|--|---|--|
| Grøn konkurransekraft med solenergi | Atheno | 890 000 | I fylgje Statkrafts lågtutsleppsscenario er det venta at solkraft vil overgå andre fornybarkilder og bli verdas største elektrisitetskilde fra 2035. Den reisa ynskjer Atheno og næringslivet i Sunnhordland å vere med på. I dette prosjektet vil me invitere til kunnskapsdeling, fagkompetanse, utforske nye forretningsområder, rigge møteplassar, kartlegge behov, - og realisere ein testpilot som næringslivet enkelt kan sjå til som mal for eigne utbyggingar som sikrar ny energi og grøn konkurransekraft | Søknaden svarer godt på utlysinga innan innsatsområdet energi. Panelet stiller spørsmål ved graden av innovasjon i prosjektet og trekk fram at det er fleire etablerte aktørar innan tilsvarende felt som allereie i dag kan bidra med kompetanse til næringslivet innan solenergi. Panelet oppfattar at prosjektet i mindre grad vil vere relevant for å forsyne kraftkrevjande industri, som nemnd i søknad. Panelet er av den oppfatning at det eksisterer kommersielle løysingar innan solenergi i ein etablert marknad. Søknaden framskriv eigeninnsats frå aktørar som ikkje deltek i prosjektet per tid. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |
| Snu 4.0 Sirkulærøkonomi og industrielle symbioser | Innovasjon Norge Hordaland | 2 000 000 | EU og Norge har mål om å legge om fra lineær til sirkulær økonomi. Når vi skal bygge ny industri i Vestland, må vi sørge for at aktører samarbeider og utveksler råvarer, energi og kunnskap for å øke økonomisk gevinst og redusere miljøavtrykk. I Snu 4.0 ønsker vi å pilotere kompetanseløft, samarbeid og verktøy for aktører tilknyttet 'strategiske huber' identifisert i Grønn Region Vestland. Målet er å redusere barrierer for samarbeid, øke konkurransekraft og skape grønne arbeidsplasser i regionen. | Panelet støtter prinsippet om industriell symbiose og ser potensiale for utnytting av synergieffektar. Imidlertid hadde panelet ønska å sjå meir direkte forankring i industrien og stiller spørsmål ved graden av utvikling i prosjektet ift bruk av kjend metodikk. Panelet stiller spørsmål ved om oppgåvene i prosjektet i stor grad er del av driftsoppgåvene til søkar. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |
| Mobilisering av verdikjeden for slam fra fiskeoppdrett | VIS | 840 000 | Vi vil undersøke hvordan mobilisere for å øke potensialet for næringsutvikling basert på slam fra oppdrettsnæringen regionalt for Vestland og nasjonalt. Forprosjektet skal utarbeide veikart som tydelig identifiserer status, flaskehalsar og mulighetsrom i hele verdikjeden, og som utløser konkret samhandling. Deltakere i forprosjektet er VIS, Seafood Innovation, NOSCA Celan Ocean og Ocean Innovation Catapult Centre. | Søknaden omtaler sterke partnere, men kobling og involvering av næringslivsaktørar er noe uklar. Problemstilling er viktige og har vært arbeidet med i mange år. Utfordring er dels håndtering av miljøgifter men og ei rekke andre faktorer. Panelet vurderer at søknaden i liten grad reflekterer de store utfordringene og behovet for kunnskap og forskning på dette området. | Søknaden svarar mindre godt på søknaden. Den har fleire, vesentlege, manglar |
| Restråstoff frå Vestland til interasjonal post-fossil verdiskaping | Bioregion Institute | 1 046 250 | I det grønne skiftet må vi nytte alle delar av vestnorske råstoff frå primærningane til heilt nye biobaserte produkt. BiOi har samla aktørar frå heile leverandørkjeda; produsentar av restråstoff, industri som kan transformere desse, til leiande aktørar i ulike marknader. Saman har vi identifisert eit felles hinder for utviklinga av biomaterialer og -produkt: Biobaserte bindemiddel tilpassa bruk i eit vestnorsk klima manglar. Vi har samla eit konsortium som vil bringe løysing til marknad. | Panelet vurderer at søknaden favner svært bredt fagleg og industrielt og vurderer at kopling mot Vestland kunne vore styrka. Panelet stiller spørsmål ved om ambisjonane er realistisk opp mot søker si faglege tyngde og evne til å gjennomføre eit så ambisiøst prosjekt. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |

| | | | | | |
|---|--------------------|---------|--|---|---|
| Villsauen 2021-2025 | Bergen Næringsråd | 250 000 | Vestlands internasjoniseringspris, Villsauen, er et initiativ fra Bergen Næringsråd og Vestland fylkeskommune for å bidra til å styrke interessen for eksportrettet arbeid i regionen. Prisvinneren blir løftet frem på Bergen Næringsråds Årskonferanse og skal dele sine erfaringer med andre eksportvirksomheter på et medlemsmøte. I tråd med tilskuddsordningen, går internasjoniseringsprisen til en virksomhet som driver bærekraftig og innovativ eksportrettetvirksomhet. | Søknaden gjeld utdeling av eksportpris på eit arrangement i regi av Bergen Næringsråd. Dette treff dårleg iht. kriterie for utlysninga. Søkeren har svært god gjennomføringsevne. | Søknaden svarar ikkje godt på kriteriet. Den har overvekt av vesentlege manglar |
| Gründerlab | Bergen.Works | 900 000 | For å sikre nye arbeidsplasser i regionen må man ha et strukturert løp for å hjelpe de som ønsker å bygge solide vekstselskaper. Vi mener derfor at det er viktig at det finnes et sterkt kompetanseprogram for tidligfase skaleringsbedrifter. Gründerlab skal være portalen inn, og startgropen for selskap/mennesker som har en idé og en konkret problemstilling de ønsker å løse som vil kunne bygge produkt eller tjeneste av stor bærekraftig verdiskapning i form av arbeidsplasser og verdi til regionen. | Søknaden handlar primært om støtte til tilbud for etablerarar. Panelet vurderer at dette har eit driftspreg og meir enn utvikling, og vurderer at søknaden treffer dårleg på utlysingskriterier. Panelet peker på at søknaden handler om behov som dels synast å være dekket av andre tiltak fylket støtter. Søkeren har vist å ha god gjennomføringsevne. | Søknaden svarar ikkje godt på kriteriet. Den har overvekt av vesentlege manglar |
| Springbrett for grønn omstilling og vekst | Connect Vest-Norge | 950 000 | Connect Springbrett har hjulpet gründere til raskere vekst i over 15 år. Konseptet med skreddersydde ekspertpanel som utfordrer strategien til selskapet har vært vellykket og bidratt til vekst i uttallige selskap, og til arbeidsplasser og generell verdiskapning i regionen. Se vedlegg for en status om Connect Vest og resultatene våre. Springbrett som konsept kan og bør utvikles videre og vi søker om midler til å utforske/ utvikle nye måter å gjennomføre Springbrett på, feks. Springbrett Cup. | Søknaden treff indirekte på dei prioriterte områda. I søknaden framgår satsing på grønne bedrifter, men deira definisjon på grøn bedrift er relativt open og enkel, der målet er at bedrifta treff på minst eitt av FN's berekraftsmål. Det er ikkje tydeleg i søknaden kva som er nytt i det dei skal gjere, og det framgår at dei har jobba med dette i 15 år. Noke utydeleg innovasjonsfokus og kva midlane konkret skal gå til. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |
| Vi skal bygge og forsterke bærekraftig helsenæring i Bergen og Vestland fylke | VIS | 500 000 | Ved å utvikle Norwegian Smart Care Clusters (NSCC) avd. Vestland, er målet å skape arbeidsplasser og styrke bedrifter i Vestland. NSCC har som et av sine hovedmål å bygge en sterk hub i Bergen, i samarbeid med regionale krefter. Vi har drivkraften, posisjonen og nettverket, men må ha med Fylkeskommunen som samarbeidspartner og finansiell støtte, for å utløse potensiale i digital helseløsninger og velferdsteknologi i Vestland. Pandemien har forsterket behovet for fremtidens smarte løsninger. | Søknaden treff godt på kriteriet, men har ellers fleire manglar. Søknaden treff på området teknologi i planprogrammet vårt, men ikkje direkte på nokon av innsatsområda i utlysninga. Det er ikkje tydeleg eller klart kva som er "det grønne" i denne søknaden. Prosjektet blir vurdert som innovativt og positivt med oppretting av ein node i Bergen. I forhold til det dei vil få til er budsjettet vurdert til å vere knapt. Dei skal gjere veldig mykje for relativt lite midlar. | Søknaden svarar godt på kriteriet, men har fleire manglar |

| | | | | | |
|---|------------------------------|-----------------------|---|--|--|
| <p>Matsentralen Vestland - hvordan bli en ressurs for hele fylket</p> | <p>Matsentralen Vestland</p> | <p>375 000</p> | <p>Gjennom å systematisk kartlegge matsvinnet og behovet for mathjelp til vanskeligstilte/trengende i hele fylket vil vi kunne bidra til redusert matsvinn og økt aktivitet ved sentralen. Prosjektet vil også stimulere flere organisasjoner til å etablere hjelpetiltak rundt i hele fylket, noe som vil bidra til mindre utenforskap i samfunnet. I 2019 endret vi navn fra Matsentralen Bergen til Matsentralen Vestland. Dette som et ledd i at vi ønsker å bistå organisasjoner og matbransjen i hele fylket.</p> | <p>Søknaden treff mindre godt på kriteriet og har fleire manglar. Den treff området sirkulærøkonomi. Søknaden framstår som eit forprosjekt, men med deler av eit hovudprosjekt tatt inn. Prosjektet i seg sjølv er positivt og bra for miljøet. Vi treng å redusere matsvinn og dei framhever fleire av FN's berekraftsmål. Samtidig stiller ein spørsmål om kva som er nytt i prosjektet i forhold til oppgåvene dei gjer i dag, utanom at dei vil utvide det geografiske nedslagsfeltet sitt. Det er også positivt at det er med fleire aktørar innan veldedigheit, men at ikkje aktørar frå matbransjen er nemnt spesifikt i tillegg trekker ned då det er der store delar av matsvinnet skjer.</p> | <p>Søknaden svarar mindre godt på søknaden. Den har fleire, vesentlege, manglar</p> |
| <p>SMB Bærekraft Forum Vestland: Omstilling og utvikling mot det grønne skiftet</p> | <p>Connect Vest</p> | <p>400 000</p> | <p>Connect Vest har under utvikling bedriftsnettverket «SMB Bærekraft Forum Vestland», hvor det skal arbeides konkret med deltakende SMB-virksomheters omstilling og utvikling mot bærekraft og det grønne skiftet. Som det sentrale tiltaket i arbeidet med bedriftsnettverket i perioden 2022-23, vil 8 kvartalsvise samlinger stå, hvoretter deltakende virksomheter også vil jobbe mellom samlingene. Både deltakende bedrifter i «SMB Akselerator 2020-21» og nye bedrifter vil bli invitert inn.</p> | <p>Søknaden svarar mindre godt på kriteriet. Søknaden kan kanskje treffe indirekte i forhold til hovudmåla i søknadskriteria, gitt at dei får dei rette bedriftene med seg. Det kjem ikkje fram i søknaden om dette er tilfellet. Det er uklart kva innhaldet i dei mange workshopane er, det er derfor vanskeleg å seie om det treff innanfor satsingsområda våre.</p> | <p>Søknaden svarar mindre godt på søknaden. Den har fleire, vesentlege, manglar</p> |